



**Referat frå:** Årsmøte i Syril fotball

**Dato:** 24. februar 2020 kl. 20.00

**Stad:** Møterom Saften

**1. Val av ordstyrar, sekretær og to som underskriv referat**

Ordstyrar: Magna

Referent: Torill

Underskriving referat: Kitty og Erlend

**2. Godkjenning av innkalling og sakliste**

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader

---

**3. Årsmelding 2019**

Årsmelding er lagt ut på Syril si nettside. Magna gjekk gjennom årsplan slik den ligg føre. Ingen spørsmål eller innspel til årsplan. Årsplan vart godkjent.

**4. Rekneskap 2019**

Rekneskap er ikkje godkjent pr. no, førebels rekneskap ligg som vedlegg til årsmelding. Torill gjekk gjennom førebels rekneskap. Førebels rekneskap vart godkjent utan merknader.

**5. Saker**

**a. Klubbhåndbok**

Klubbhåndbok er eitt av kriterie for å bli godkjent som kvalitetsklubb av fotballkretsen. Det er laga eit første utkast til klubbhåndbok som vart gjennomgått i møte. Innspel om behov for kurs i bruk av hjartestartar evt. førstehjelpskurs i tillegg. Klubbhåndboka vart vedteken.

**b. Vinterdrift på bana**

Innspel vart gjennomgått. Forhold for utetrening er viktig for å halde flest muleg i klubben I samband med legging av kunstgrasbana vart dette vurdert, men ikkje prioritert. Kostnadar må sjåast i samanheng med evt. utgifter til halleige i vinterhalvåret.

Forslag til vedtak: Enighet om å etablere gruppe som ser nærare på alternativ og kostnadsoverslag for å legge til rette for gode treningsforhold på vår og vinterhalvår. Vedtak vart beslutta.

## 6. Treningsavgift

Forslag til treningsavgifter:

Senior herrer	3.300,-
Senior damer	2.500,-
Aldersbestemt 11-17 år	1.800,-
Barnefotball 10 år	800,-
Miniputtfotball	600,-

Treningsavgiftene vart vedteke.

## 7. Budsjett 2020

Torill gjekk gjennom utkast til budsjett. Budsjettet vart vedteke.

## 8. Val

Rune Henjesand frå valnemnda gjekk gjennom forslag til kandidatar. Forslaget vart vedteke.

## 9. Orientering frå styret om aktuelle saker

Forslag om oppussing av gamlekiosken til møterom, kiosk og toalett vart orientert om. Det vil bli utarbeida søknad om midlar frå Sture Husabø sitt legat.

Underskrive referat:

Kitty Krosshaug



Erlend Husabø

